



S-4 50 Elegant og stilren scooter med 4-traktsmotor. 50 ccm. Dekor i sølv og rødt, sorte felger og aku-farget besetning gir en røff og robust effekt.

Batsente

Hvit PC-BORD med hyller selges 200,-. Mål b/d/h 110/48/74 cm. TLF: 41927771 Bildekode: HHV7

SERVANT, brun, 60 x 45 cm, med hevarmsarmatur. Ubrukt. 750,-. TLF: 97775067

REDSKAP, gjerne henger, lodd, kjetting hjul, rep. objekter av merket Agria, ønskes kjøpt. Tilstand er ikke så viktig. TLF: 99314585

Liten HJØRNESOFA, fin til hybel el. hytte. Lys grå/blå med litt rosa. Selges grunnet plassmangel. TLF: 91651917

SAMSUNG p7500 Galaxy tab 10,1. Veske/flip case selges 300,-. Uåpna, til nettbrett. TLF: 98881868 Bildekode: HHGH

Div. HESTEREDSKAP som såmaskiner, harver, pløger, høykjerrer etc. Har det meste, ta kontakt for mer opplysninger. TLF: 91812858

Ønsker å kjøpe gamle HAMKAM drakter og skjurf. Alt av interesse. SMS eller ring. TLF: 95176354

JAWA 350 ccm 634-5 mod 1974 selges 20.000,-. Sykkelen er hel, komplett og går. Ikke registrert. TLF: 93217158

Svært pent brukt SOFA med salongbord (137x80) og 2 stoler, lys beige. Selges hbo 5.000,-. TLF: 41927771 Bildekode: HHGJ

STEKEPLATER kjøpes. 42 cm brede. Gjerne 2 flate og en dyp langpanne. Må være mulig å få rene/glatte. TLF: 48007397

LESERINNLEGG

Kva er dårleg norsk?

I førre nummer av Huskelappen (12/12, s. 20) under Språktips kommenterte Arnulf Hustad sine egne setningar: 1. *Og er en konjunksjon som binder sammen like ord, setningsledd eller setninger...* og 2. *Vi bruker alltid og ved uttrykk som ble liggende og le. Og vi skriver alltid å i preposisjonsuttrykk som disse...* Hustad erklærte seg «hjerterens enig» med Per Dobloug, som hadde lært på skolen at ein aldri skulle byrje ei ny setning med «og» etter punktum, og som meinte at dette måtte vere «feil». Hustad meinte då at det ikkje var direkte feil slik han hadde skrive, «men bevare meg vel for hvor dårlig norsk det er!!». Hustad lova då å skjerpe seg.

Som språkvitar finn eg det derimot litt merkeleg at Hustad her «legg seg flat» for ein kategorisk regel og kallar desse to setningane for «dårlig norsk». Den første setninga kunne faktisk ikkje ha blitt skrive på nokon anna måte. I denne setninga fungerer ikkje «og» som ein samanbindande konjunksjon. Det er jo faktisk subjektet i den første setninga. Ein kunne eventuelt ha skrive «Ordet *og* er en konjunksjon ...». Men det er ingen grunn til å seie at dette er dårleg norsk.

Når det gjeld den andre setninga, er eg einig i at det er uheldig å bruke punktum her. Løysinga her ville vere å bruke komma. Her er funksjonen til «og» nettopp å binde saman to likeverdige setningar. Det er altså punktet som er problemet og ikkje konjunksjonen, og det blir dermed ikkje nødvendigvis dårleg norsk.

Å byrje nye setningar etter punktum med konjunksjonen «og» er vel ikkje i seg sjølv «dårlig norsk». Det spørst litt kva ein meiner med «dårlig». Reint grammatisk er det ingenting gale med det, mens bokmål «jeg har sett de» per i dag måtte klassifiserast som «dårlig norsk» sidan ein formelt skal bruke objektsforma av «de» i denne setninga. Når ein likevel meiner at tekststar som inneheld mange setningar som byrjar med «og», er «dårlege», er dette først og fremst eit spørsmål om stil. Det er gjerne slik at barn har ein tendens til å kople setningane sine med «og», t.d. «og så gjorde eg det, og så sa ho, og så gjekk vi, og...». Etter kvart som den språklege bevissteita utviklar seg, vil dei fleste variere språket meir og finne andre setningskoplingar og byggje opp tekstane på andre

– meir «vaksne» – måtar. I skolen er det nettopp eit poeng for norskklærane å hjelpe barn og ungdom å bli språkleg bevisste og lære om stil og sjanger. Stilistisk sett er det derimot ingenting gale med dei to setningane som Hustad skreiv. Han burde berre formelt sett ha brukt komma i staden for punktum.

Elles kan det vere noko å reflektere over at dei fleste meiner at den gamle sagalitteraturen vår er stor litteratur og stor kunst. Bjørnson og andre prøvde av og til å kopiere sagastilen. Men alle som har lese sagatekstar på originalspråket, dvs. på norrønt/gammalnorsk, vil vite at dei fleste setningane startar med «og» eller «men». Då er det vel berre å konkludere at dette var veldig dårleg norsk.

Jens Haugan, førsteamanuensis i norsk, Høgskolen i Hedmark

Som lesarane av «Huskelappen» kunne sjå i forrige nummer, handla «Språktips» om mellom anna bruken av og/å.

Denne gongen har vi vore så heldige å få eit lesarinnlegg frå Jens Haugan. Det han skriv, er eit veldig godt supplement til det eg skreiv om temaet, og eg overlet til lesarane å legge seg det han skriv, på minne.

Så til det siste bolken i innlegget – det om sagalitteratur.

No vonar eg at Jens Haugan ikkje trur at eg meiner den gamle sagalitteraturen var dårleg norsk berre av di eg meinte at setninga *eg* skreiv og starta med og, var dårleg norsk. Det var ei heilt subjektiv kjensle.

Sagalitteraturen er flott, men eg trur nok mange i dag vil ha ei kjensle av at stilen er framand og noko arkaisk.

Eg har i mi tid i skulen freista få elevane til å finne sin eigen stil og måte å uttrykka seg på skriftleg. For å få til det, må ungane lesa så mykje ulik litteratur som mogleg og gjerne kopiera det dei meiner er bra, gjerne original sagalitteratur også, men eg trur ikkje mange ville bruke sagastilen sjøl om den ut i fra den tida den vart skrive i, vart rekna som god norsk.

Kva som er dårleg norsk, er ikkje berre lett å avgjera. Poenget med skriving må vera å få til ein god kommunikasjon med lesarane, og nokre er glade i Knut Hamsun medan andre heller vil lese Alf Prøysen.

Helsing Arnulf Hustad

Vedt



Kr 4990,-

Haug

www.hfl.no

Siloveien 1 – Vårt service

•SERVICEVERKSTE

TID FOR
INNHØSTI

Bestill smøreprodukter og
Vi leverer også kjemipro
dieseltanker, pumper og



Engens
Varmeforretning

Kornsilovegen 60, 2316 Hamar
Telefon 62540770, epost: engen@oljesente